Top. ark.
bevr 19/4

1922:20

Universitetets Oldsaksamling
Jr. No. 219/1921.

Skrevet ... 12/5-21

Gol. Hallingdal 18-4-1921

Til
Universitetets Oldsaksamling
Kristiania

Eg har vorte kjend med svarskrivet Dykkar, av 16 mars, på eit skriv frå herr Øistein Roe av 14 mars, med vedlagt bilæte av bl. a. ei halv steinöks.

Då det er eg som har funne denne tingen, på eigedomen min gr. no 29 br. no 2 Bakken i Gol, skal eg gjeva desse upplysningane.

Öksi fann eg for nokre aar sidan ved graving av ei vassleidingsgröft. Eg truer öksi laag omlag 1/2 m. under jordflata; men nöiagtigt kann eg ikkje seggja dette. Det var i bakke hallet like ved huse millom store steinar; men truleg kan fordi vera arbeidd (dyrka) ein gong i tidi.

Eg tok vare på gjenstanden, men visste ikkje kva det var fyr ei tid seinare då eg på Bergens museum fekk sjå nöiagtigt maken. (men heil) So var der uppgjeven som öks frå steinalderen.

De kann godt få öksi utlaant, om ho skulde vera av kulturhistorisk interesse, men kvis so er, so er ho av störst interesse for Hallingdalen, og eg önskjer difor helst at Hallingdals museum fær ho.

Eg staar elles gjerne til tenest med utlaan, og dei upplysningar som kan vera av interesse.

Med högvyrdnad
H. J. Bakken

Top. ark.
1922:20
C23029

Universitetets Oldsaksamling
Jr. No. 183.
1922.

Gol, Hallingdal 7 april 1922

Til Universitetets Oldsaksamling
Kristiania

Eg sender idag til Dykk, som pakkepost, den luten av ei steinøks som eg for nokre år sidan fann på eigedomen min.

Nærmare upplysningar um den staden eg fann ho på m.m. har eg før gjeve i brevet mitt dagsett 18 april 1921.

Som eg då nemnde, ynskjer eg helst å få ho att, for å få ho innbert på Hallingdals folkemuseum, - dersom det er noko av interesse ved ho. Vonar det ikkje er noko imegen for det.

Eg er takksam for å få vita kva De meiner um fundet, um det verkeleg er av ei øks frå steinalderen, og um det har nokon historisk interesse, serleg for dalen her.

Med høgvyrdnad
H. J. Bakken